

Saksbehandlar: Eva Moberg, Kulturavdelinga  
 Sak nr.: 15/10929-4

## **Prioriteringar for kulturminneforvaltinga 2016**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### **Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tek brevet frå Riksantikvaren av 04.12.15 om prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2016 til vitande.
2. Fylkeskommunen er samd med Riksantikvaren i at framtidig ansvars- og oppgåvedeling innafor kulturminneforvaltinga må vurderast ut frå dei føringane som vert lagt i ny stortingsmelding om regional forvaltning.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

#### Vedlegg:

Prioriteringsbrev frå Riksantikvaren av 04.12.15

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn**

Vedlagt ligg årleg prioriteringsbrev frå Riksantikvaren. I brevet gjer Riksantikvaren greie for nasjonale mål og prioriteringar for kulturminneforvaltinga slik desse er omtalt i forslag til statsbudsjett for 2016, Stortingsmelding 35(2012-13) *Framtid med fotfeste* og nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging som er gitt i kongeleg resolusjon av 12.juni 2015. I tillegg gjer brevet greie for forventingar til korleis fylkeskommunane gjennom sitt faglege kulturminnearbeid kan bidra til å nå dei nasjonale måla.

Den årlege politiske handsaminga av denne saka går som tilbakemelding til Riksantikvaren.

### **2. Utfordringar og satsingar – tilbakemelding frå Riksantikvaren**

Som del av arbeidet med prioriteringsbrev for 2016 har Riksantikvaren bedt om faglege innspel på korleis fylkeskommunen vil arbeide framover for å bidra til å oppfylle våre felles nasjonale mål. Dei ber spesielt om at fylkeskommunane konkretiserer kva som er dei særskilte utfordringane og kva som er status for satsinga på kulturminne i kommunane. Vidare ber dei om at det vert gjeve ei oversikt over bemanning og kompetanse i kulturminneforvaltinga i fylkes-kommunen, med særleg vekt på tilsette som arbeider med nyare tids kulturminne.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjeve tilbakemelding til Riksantikvaren med informasjon om:

- Satsinga på lokale kulturminneplanar som vart starta opp i 2012
- Arbeidet med verdiskapingsprosjekta «Kongeveggen over Filefjell» og «Kystpilegrimsleia»
- Oppstart av nye fredingssaker for å styrke målsettinga om ei meir representativ fredingsliste.

- Gjennomførte tilretteleggings- og formidlingstiltak knytt til automatisk freda kulturminne

Det er vidare gjort greie for bemanningssituasjonen på kulturminnefeltet og dei utfordringane fylkeskommunen står overfor i arbeidet med nyare tids kulturminne. Det er stort engasjement knytt til verneverdige bygg/bygningsmiljø i fylket og eit klart behov for å styrke dette fagfeltet.

Det er også gjort greie for dei utfordringane fylkeskommunen står overfor etter omlegginga av inntektssystemet, og at dette kan få følgjer også for våre prioriteringar innafor kulturminnefeltet.

### **Riksantikvaren sine merknader**

Tilbakemeldinga frå Riksantikvaren er at dei er godt nøgde med fylkeskommunen sin omfattande satsing på kulturminne i kommunane. Dei oppmodar fylkeskommunen om å prioritere dette inntil alle kommunane i Sogn og Fjordane har vedtekne kulturminneplanar.

Dei er også godt nøgde med verdiskapingsprosjektet Kongevegen over Filefjell, som har fått stor merksemd. For prosjektet Kystpilegrimsleia, som no er om lag halvveg, ynskjer dei dialog om korleis arbeidet kan fullførast. Som følgje av reduserte løyvingar over statsbudsjettet, er det knytt usikkerheit til om Riksantikvaren kan gje tilskot til prosjektet i 2016.

Riksantikvaren merkar seg at Sogn og Fjordane har få tilsette i kulturminneforvaltinga samanlikna med andre fylke og i høve til oppgåvene. Dei rosar likevel kulturminneforvaltinga i fylket for kor mykje ein har fått gjennomført på mange felt med lita bemanning. Dei ser likevel at dette vanskeleg kan vere berekraftig på lenger sikt.

Riksantikvaren ynskjer dialog med fylkeskommunen om det vidare arbeidet med verdsarv-nominasjonen av kvernsteinbrota i Hyllestad.

I tillegg oppmodar dei om at fylkeskommunen vert meir aktivt med i den nasjonale satsinga på utvalde kulturlandskap, som i vårt fylke omfattar Grinde-Engjasete og Hoddevik-Liset.

### **3. Fylkesrådmannen sine vurderingar**

I 2015 varsla Riksantikvaren eit ynskje om å delegere nye oppgåver til fylkeskommunane innafor kulturminnefeltet. Fjorårets prioriteringsbrev vart handsama i HK-sak 7/15 og i FU-sak 11/15. FU fatta følgjande samrøystes vedtak:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune registrerer at Riksantikvaren vil delegere fleire oppgåver til fylkeskommunane, og er positive til slik overføring til det folkevalde fylkesnivået. Det må følgje naudsynte økonomiske ressursar med for å kunne ta imot arbeidskrevjande oppgåver på ein god måte.*
2. *Fylkeskommunen meiner at all delegering av oppgåver som krev betydeleg auka arbeidsinnsats, bør kanalisert inn i prosessen fram mot nytt statsbudsjett. Oppgåvene må omtalast med innhald, omfang og økonomisk kompensasjon. Fylkeskommunen føreset at staten skal finansiere oppgåver som til no har vore utført på statleg side ved tilsvarende innsparingar på statleg side.*
3. *Sogn og Fjordane fylkeskommune tek elles brevet frå Riksantikvaren av 04.12.2014 om prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2015 til vitande.*

Ved handsaminga av framtidig oppgåvedeling i kommunal sektor vedtok Stortinget at det skal vurderast om fleire oppgåver kan overførast til regionalt folkevald nivå. Som del av dette skal det inngå ei vurdering av rolla og ansvaret til Riksantikvaren. Regjeringa jobbar no med oppfølging av dette vedtaket gjennom ei eiga stortingmelding. Denne er forventa lagt fram i 2016.

I prioriteringsbrevet konkluderer Riksantikvaren med at framtidig ansvars- og oppgåvedeling innafor kulturminneforvaltinga må sjåast i lys av denne stortingsmeldinga. Denne delen av arbeidet er såleis kome inn i rett spor også frå Riksantikvaren si side, og fylkesrådmannen ser positivt på at delegeringa av ansvar og nye oppgåver til regionalt nivå går inn som del av

staten sitt samla ansvar med ansvar- og oppgåvedeling. På denne måten vil ein ha høve til å sjå opp-gåvene i ein større samanheng. Dette er også i tråd med dei innspela som vart gjeve i FU-sak 1/15 *Uttale i høve føreståande regionreform* og i FU-sak 11/15 *Prioriteringar for kulturminneforvaltinga i 2015*.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen ser positivt på at Riksantikvaren utset delegering av ansvar og nye oppgaver til regionalt nivå til stortingsmelding om regional forvaltning ligg føre.

Brevet av 04.12.15 frå Riksantikvaren vert teke til vitande.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)